

Prop. 182 S

(2012–2013)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Finansiering av prosjekt og tiltak på fv 714 Stokkhaugen – Sunde i Sør-Trøndelag, trinn 1

*Tilråding frå Samferdselsdepartementet 21. juni 2013,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regeringa Stoltenberg II)*

1 Innleiing

Samferdselsdepartementet legg i denne proposisjonen fram forslag om finansiering av planlagt utbygging av delar av fv 714 mellom Stokkhaugen i Orkdal kommune og Sunde i Snillfjord kommune. Finansieringa er basert på bompengar og fylkeskommunale midlar.

Fv 714 er hovudvegen for kommunane Snillfjord, Hitra og Frøya til Orkdal og Trondheim. Ein stor del av oppdrettsnæringa i Sør-Trøndelag er lokalisert i dette området. Dette gjer at vegen er viktig for utvikling og verdiskaping i regionen.

Eksisterande veg mellom Stokkhaugen og Sunde har ei samla lengde på i underkant av 58 km. Den har låg standard med svingar, problematiske stigningar og smal veg. Dette gjer at køyreforholda blir vanskelege, spesielt om vinteren. I tillegg er det få høve til omkjøring. Dette gjer at strekninga er sårbar for trafikkuhell. Som ein konsekvens av dette har vegen dei siste åra vore stengt omlag 30 gonger årleg som følgje av bilberging. Statistikk viser også at strekninga er overrepresentert med utforkjøringar samanlikna med andre fylkesvegar i Sør-Trøndelag. Frå 1997 til 2011 er det registrert 75 ulykker med personskade på strekninga. I desse ulykkene blei 3 personar drepne og 23 hardt skadde.

2 Omtale av aktuelle prosjekt og tiltak

Kommunane Hitra, Frøya og Snillfjord samt Sør-Trøndelag fylkeskommune har tatt initiativ til å utgreie eit opplegg for delvis bompengefinsiert utbetring av fv 714 mellom Stokkhaugen i Orkdal kommune og Sunde i Snillfjord kommune. I 2009 vart det utarbeidd ein plan for samla utbygging som innebar gjennomføring av følgjande 10 delprosjekt:

1. Ny veg Bergsbakken/Ulvstubakken
2. Etablering av to bomstasjonar
3. Valslagtunnelen med tilhøyrande veg
4. Fenestunnelen med tilhøyrande veg
5. Mjønes – Brattstiåsen – Nessavatnet med Brattstiåstunnelen
6. Ny veg og tunnelar i Snilldal inkl. Fossantunnen og Snilldalstunnelen
7. Ny veg utanom Krokstadøra inkl. bru over Snilldalselva og Bergselva samt Åliatunnelen
8. Kryssing av Åstfjorden med bru og tunnel Tjørna – Mjønesanet, og tunnel under Mjønes-hatten
9. Utbetring av eksisterande veg langs Snilldals-elva
10. Våvasstunnelen inkl. Våda ytre bru med tilhørende vegar

Tabell 2.1 Start- og ferdigstillingstidspunkt for prosjekter i trinn 1

Prosjekt	Oppstart/ Planlagt oppstart	Ferdigstilling/ Planlagt ferdigstilling
1) Ny veg Bergsbakken/Ulvstubakken	2010	2011
4) Fenestunnelen med tilhøyrande veg	2012	2013
5) Mjønes – Brattstiåsen – Nessavatnet med Brattstiåstunnelen	2011/2012	2013
6) Ny veg og tunnelar i Snilldal inkl. Fossantunnelen og Snilldalstunnelen	2015	2017
7) Ny veg utanom Krokstadøra inkl. bru over Snilldalselva og Bergselva samt Åliatunnelen	2015	2017

I tillegg vart ytterlegare seks prosjekt vurderte som aktuelle for gjennomføring dersom økonomien i utbygginga skulle bli betre enn venta.

Det blei lagt opp til å finansiere halvparten av utbyggingskostnadene med bompengar og halvparten med fylkeskommunale midlar. For lette køyretøy var det lagt til grunn same bompengetakst som for lette køyretøy med ein passasjer i Hitratunnelen, justert for prisstigning med konsumprisindeksen. Taksten for tunge køyretøy var sett til fem gonger taksten for lette køyretøy.

Fire av prosjekta er alt starta opp eller fullførte. Desse er:

1. Ny veg Bergsbakken/Ulvstubakken
3. Valslagtunnelen med tilhøyrande veg
4. Fenestunnelen med tilhøyrande veg
5. Mjønes – Brattstiåsen – Nessavatnet med
Brattstiåstunnelen.

Valslagtunnelen med tilhøyrande veg blir bygd ut med statleg tilskott frå post 62 Tilskot til rassikring på fylkesvegnettet og er tatt ut av bompengeprosjektet. Dei tre andre prosjekta blir finansiert med fylkeskommunale midlar. Prosjektet Ny veg Bergsbakken/Ulvstubakken blei opna for trafikk hausten 2011, medan dei to andre prosjekta er under bygging og skal etter planen opnast for trafikk i løpet av 2013.

Vidare utbygging er avhengig av at det blir tilslutning til delvis bompengefinansiering og av framdrifta i planarbeidet. Dei attståande prosjekta er av ulik storleik og på ulikt stadium i planarbeidet. For å halde oppe framdrifta er det lagt opp til å behandle den vidare utbygginga i to trinn. I denne proposisjonen blir det fremma forslag om finansiering av prosjekta 1-7. I tillegg til dei alt omtalte prosjekta inngår dermed:

6. Ny veg og tunnelar i Snilldal inkl. Fossantunnelen og Snilldalstunnelen

Her er det lagt opp til å bygge to tunnelar og ei bru for å erstatte dagens veg, som har fleire skarpe svingar og bakkar og er utsett for ras. Prosjektet er venta å gi ei innkorting på om lag 2 km.


7. Ny veg utanom Krokstadøra inkl. bru over Snilldalselva og Bergselva samt Åliatunnelen

Her er det lagt opp til å bygge ny veg utanom Krokstadøra som er kommunenesenteret i Snillfjord. Dagens veg har fartsgrenser på 50 og 60 km/t og manglar gang- og sykkelveg. Etter utbygginga vil dagens veg gjennom Krokstadøra bli lokalveg. Snillfjord kommune ønskjer at det blir lagt til rette for eit serviceområde inntil ny fv 714.

Samla kostnadsoverslag for prosjekta 1-7, ekskl. prosjekt 3 Valslagtunnelen, er rekna til omlag 680 mill. 2013-kr, ekskl. auka meirverdiavgift som følge av oppheving av vegfritaket frå 1. januar 2013. Det blir framleis arbeidd med reguleringsplanar for prosjekta 6 og 7. Det er derfor knytt uvisse til overslaget.

Finansieringa av prosjekta 8-10 vil bli lagt fram i trinn 2. Det inneber at kryssinga av Åstfjorden, som er det største og mest kostnadskrevjande prosjektet i heile utbygginga, blir behandla i trinn 2. Arbeidet med reguleringsplan for dette prosjektet er i startfasen. Ved å utsette prosjektet vil plangrunnlaget bli betre og kostnadsoverslaget sikrare. I tillegg vil erfaringar frå bompengeinnkrevjinga knytt til trinn 1 føre til betre prognosar både for trafikk og inntekter. Dette vil gi eit betre grunnlag for å ta stilling til korleis finansieringa av dei attståande prosjekta skal handterast.

Alle prosjekta er vist på kartskissa i fig. 2.1.



Figur 2.1 Lokalt prioriterte prosjekt og tiltak på fv 714 Stokkhaugen – Sunde

3 Lokalpolitisk behandling

Den lokalpolitiske behandlinga av bompengesøknaden har gått føre seg i fleire omganger.

I samråd med Statens vegvesen, Sør-Trøndelag fylkeskommune og kommunane Snillfjord, Hitra og Frøya utarbeidde styret i Ny Rv 714 eit utkast til bompengesøknad i 2009. Søknaden blei behandla av kommunane i felles kommunestyremøte 19. november 2009, og følgjande likelydande vedtak blei fatta:

- «1. Frøya, Hitra og Snillfjord kommune sier ja til delfinansiering av Ny Rv 714, Lakseveien, gjennom bompengeinnkreving med en bompengeandel på inntil 50% av kostnadene for veiprosjektet.
- 2. Frøya, Hitra og Snillfjord kommune slutter seg til følgende bompengeopplegg:
 - Samme bompengetakst på Ny Rv 714 som i Hitratunnelen justert for konsumprisindeks og passasjertakst. I 2009-kr. tilsvarer det en gjennomsnittstakst på 105 kroner. Taksten for tung bil skal være fem x takst for lett bil.
 - Bompengetaksten fordeles på 2 innkrevingspunkter ved Valslag (bensinstasjon – Buslisundet) og Våvatnet (Nord for kryss Fv. 301/Rv714) iht. Alternativ 3 i saksframlegget.
 - Innkrevingsmåte: AutoPass med inntil 50% rabatt.
 - Parallelleinnkreving for å få lavest mulig rentekostnader
 - Innkrevningstid 20 år.
- 3. Frøya, Hitra og Snillfjord kommune slutter seg til Ny Rv 714 AS sitt forslag til prioritering av delprosjektene på strekningen Stokkhaugen – Sunde til en kostnad på 1,325 mrd. 2009-kroner. Dersom kostnads- og inntektsutviklingen bedrer seg, henstilles Fylkeskommunen om å få til en raskere og mer kontinuerlig utbygging av Laksevegen.
- 4. Frøya, Hitra og Snillfjord kommune slutter seg til Nye Rv 714 AS sitt forslag til finansieringsplan med en bompengeandel på 50 %.
- 5. Det forutsettes at Sør-Trøndelag fylkeskommune garanterer fortrinnsvis med selvskyldnerklausul nødvendige bompengelån for Nye Rv 714 på inntil 385 mill. 2009-kr.»

Fylkestinget i Sør-Trøndelag behandla saka i møte i fylkestinget 15. desember 2009 (FT 126/2009) og gjorde følgjande vedtak:

- «1. Sør-Trøndelag fylkeskommune viser til søknaden fra NY RV 714 AS (Lakseveien) av 23. november 2009. Sør-Trøndelag fylkeskommune anbefaler at søknaden med de merknader som Statens Vegvesen Region midt har lagt til grunn i brev av 7. desember 2009, blir godkjent. Sør-Trøndelag fylkeskommune ber om adgang til å kreve inn bompenger på fylkesvei 714 (tidligere RV 714).
- 2. Sør-Trøndelag fylkeskommune legger til grunn følgende finansieringsplan:

Bompenger	662,5 mill. 2009-kr
Fylkesvegmidler inkl. rentekompensasjon	662,5 mill. 2009-kr
Investeringskostnad	1325 mill. 2009-kr

- 3. Takstnivået settes slik at lett bil i gjennomsnitt betaler om lag taksten på Rv 714 Hitratunnelen for en bil og en passasjer (105 kr i 2009-kr). Taksten for tung bil skal være 5 ganger taksten for lett bil. Takstøkninger skal følge den generelle prisveksten i samfunnet. Alle biler skal betale bompenger etter de til en hver tid gjeldende regler for takst- og rabattsystem i bompengeprosjekt. Takstene skal videre økes og/eller bompengeperioden forlenges i samsvar med regelverket om økonomien i prosjektet skulle svikte. Endelig takstfastsettelse vil bli behandlet som egen sak. Bompengeinnkrevingen vil bli fordelt på 2 innkrevingspunkt i tette snitt, fra det tidspunkt første delprosjekt starter.
- 4. Dersom økonomien i prosjektet skulle bli verre enn forutsatt, skal følgende tiltak settes i verk (i prioritert rekkefølge):
 1. Utbyggingen tas over lengre tid ved at ikke påbegynte delprosjekter utsettes i tid.
 2. Påbegynte eller ikke påbegynte prosjekter gjøres billigere.
 3. Delprosjekter tas ut av bompengeprosjektet.
 4. Takstøkning med inntil 20 prosent.
 5. Økning av bompengeperioden fra 20 inntil 25 år.
- 5. Dersom økonomien i prosjektet skulle bli bedre enn forutsatt, skal dette medføre (i prioritert rekkefølge):
 1. Delprosjekt med prioritet 8, krysning av Åstfjorden, forseres frem i tid.
 2. Delprosjekt med prioritet 11 til 16 blir gjennomført.
 3. Bompengeperioden blir kortere.

6. Sør-Trøndelag fylkeskommune er villig til å stille lånegaranti med selvskyldnerkausjon på inntil 385 mill. kr (2009 kr.).

I notatet fra Rådmannen datert 15.12.09 går det fram at det er nødvendig med en gjennomgang av finansieringsplanen for 714, Laksevegen. Fylkestinget delegerer til fylkesutvalget fullmakt til å foreta nødvendige endringer.»

Behandlinga i fylkestinget føresette ein ny gjennomgang av finansieringsplanen. Forslag til endringar i utbyggings- og finansieringsplan blei behandla i møte i fylkestinget 3. mars 2010, i samband med behandlinga av fylkesvegplan/handlingsprogram 2010-2013 og planprogram 2014-2019 (FT 7/2010). Det blei då lagt til grunn samanhengande utbygging med fullføring i 2019. I kostnadsvurderinga blei det lagt til grunn ei rimelegare kryssing av Åstfjorden. Basert på dette blei det lagt til grunn ei samla ramme for utbygginga på 1 260 mill. 2010-kr. På grunn av innføring av reviderte normalar for veggunnelar i 2010 vart kostnadsoverslaget seinare auka til 1 300 mill. 2010-kr.

Ved den lokalpolitiske behandlinga i 2009/2010 blei det lagt til grunn ein innkrevjingsperiode på 20 år, medan hovudregelen er 15 år. Nye vurderingar viste at med bompeneinkrevjing i 15 år og takstar i tråd med dei lokalpolitiske vedtaka, ville bompenebidraget bli vesentleg lågare enn tidlegare lagt til grunn. På bakgrunn av dette behandla fylkestinget saka på nytt i møte 31. oktober 2012 (FT 91/2012) og gjorde følgjande vedtak:

- «1. Fylkestinget godkjenner at det kan legges til grunn en totrinnsløsning for bompengevedtak av prosjektet FV 714 Laksevegen i Stortinget.
- 2. Reguleringsplanbehandlinga må ta utgangspunkt i de rimeligste løsningene innenfor de forutsetningene som ligger i bompengesøknaden med hensyn til trasé mv.
- 3. Det er et mål at prosjektet skal gjennomføres i tråd med hovedforutsetningene i bompengesøknaden angående takst- og rabattnivå, innkrevningstid, prosjektinnhold og målsettingen om sammenhengende utbygging. Ved vesentlige endringer av den faktiske inntektsutviklingen etter innføring av bompenger må både takst- og rabattnivået vurderes på nytt i fase 2.
- 4. Fylkestinget godkjenner og tar det økonomiske ansvar for anskaffelse av vegkantut-

styr samt etablering av begge bomstasjoner (inkludert strøm og bredbånd) på prosjektet FV 714 til en total kostnad på ca. 12 mill. kr inntil saken er behandlet i Stortinget

- 5. Arbeidet med bomstasjonene kan starte når proposisjonen er oversendt Stortinget.»

Dei aktuelle kommunane blei orienterte om planane om framlegging av utbygginga i to trinn på eit styremøte i bompengeselskapet 8. oktober 2012. Det blei då avklart at dei ikkje fann det nødvendig å legge saka fram for kommunane på nytt så lenge føresetnadene med omsyn til val av trasé, trafikk og rabatt ikkje blir endra.

4 Trafikkgrunnlag

Trafikktala er baserte på registrert trafikk gjennom Hitratunnelen og regional transportmodell. Bakgrunnen for dette er at Hitratunnelen ligg på fv 714, tett opp til den planlagde utbygginga. I tillegg er det lagt til grunn at lette køyretøy skal betale om lag same takst som lette køyretøy med ein passasjer gjorde i bomstasjonen ved Hitratunnelen.

Bompeneinkrevjinga ved Hitratunnelen blei avslutta i februar 2010. Dei siste 10 åra med innkrevjing var det ein årleg vekst i trafikken på i gjennomsnitt 4,6 pst. Då innkrevjinga blei avslutta, auka trafikken med 10 pst. i 2010 og deretter med 5 pst. i 2011 og 2012. Teljinga i 2012 viste ein ÅDT på 1 278 køyretøy, mot 1 055 køyretøy i 2009, som var det siste heile året med innkrevjing. Tungtrafikken utgjorde om lag 11 pst. Trafikkauken som følgje av at innkrevjinga blei avvikla, indikerer at trafikken på fv 714 blir relativt lite påverka av nivået på bompengetakstane.

Regional transportmodell (RTM) er brukt for å få overslag for trafikken på fv 714 gjennom Snillfjord kommune. Basert på dette er det lagt til grunn følgjande ÅDT i dei to bomstasjonssnitta:

- Fv 714 Valslag:	1 000 køyretøy
- Fv 714 Våvatnet:	1 200 køyretøy

Trafikktala har 2013 som referanseår. Dette inneber at det blir lagt til grunn noko lågare trafikk enn det teljinga i Hitratunnelen i 2012 viste. For trafikkutviklinga framover er fylkesprognosane som er utarbeidde for Sør-Trøndelag i samband med Nasjonal transportplan 2014-2023 lagt til grunn. Dette inneber at det er lagt til grunn ein årleg trafikkvekst på 1,1 pst. i perioden 2014-2019, 0,8 pst. i perioden 2020-2029 og 0,9 pst. i perioden 2030-2040.

5 Finansierings- og bompengeopplegg for trinn 1

Finansieringa av prosjekt og tiltak på fv 714 er basert på bompengar og fylkeskommunale midlar. I tråd med dei lokalpolitiske vedtaka er det lagt til grunn at 50 pst. av utbyggingskostnadene blir finansierte med bompengar og 50 pst. med fylkeskommunale midlar.

Samla kostnadsoverslag for prosjekta som er føresette å inngå i trinn 1, er rekna til om lag 680 mill. 2013-kr basert på den gamle mva-ordninga. Dette gir eit samla fylkeskommunalt bidrag på 340 mill. kr og eit bompengebidrag på 340 mill. kr. Opphevinga av vegfritaket er venta å gje ei auke i mva på om lag 80 mill. kr. Samferdselsdepartementet føreset at fylkeskommunen finansierer auken i meirverdiavgift. Fylkeskommunen får kompensasjon frå staten for betalt meirverdiavgift. Kostnadsoverslag inkl. full mva er 760 mill. kr. Fylkeskommunen dekkjer 420 mill. kr og bompengar 340 mill. kr. Det vil bli utarbeida oversikter over påløpne kostnader i dei ulike delprosjekta i trinn 1 så langt dei er komne, før trinn 2 blir lagt fram for Stortinget. Oversiktene vil vere offentlege.

Bompengeopplegg

Det er lagt opp til innkrevjing av bompengar i to automatiske bomstasjonar på fv 714 i Snillfjord kommune, ein på Valslag og ein ved Våvatnet (nord for kryss mellom fv 301 og fv 714). Innkrevjinga vil skje i begge retningar. Det er lagt opp til at innkrevjinga av bompengar kan starte så raskt som råd etter vedtak i Stortinget.

I dei lokalpolitiske vedtaka er det føresett ein grunntakst for lette køyretøy (totalvekt til og med 3 500 kg) på 105 2009-kr ved passering av begge bomstasjonane. Taksten for tunge køyretøy (totalvekt over 3 500 kg) skal vere det femdoble av taksten for lette køyretøy. I 2013-prisnivå blir dette 115 kr for lette køyretøy og 575 kr for tunge køyretøy. På bakgrunn av dette er det lagt til grunn følgjande takstar i dei to bomstasjonane:

Bomstasjon	Lette køyretøy	Tunge køyretøy
Valslag	65 kr	325 kr
Våvatnet	50 kr	250 kr
Sum	115 kr	575 kr

Det er føresett at takstane blir justerte i samsvar med prisutviklinga. Vidare er det lagt til grunn

rabattar i tråd med retningslinjene som har vore gjeldande fram til no. Dette inneber at abonnentar med Auto PASS-brikke får rabattar på 30-50 pst. Trafikantar med abonnement i andre bompengeselskap får 10 pst. rabatt ved bruk av Auto PASS-brikke.

Retningslinjene for bompengeprosjekt føreset at det skal vere samanheng mellom nytte og betaling. Det inneber at dei som betaler bompengar, skal ha nytte av prosjektet. Denne samanhengen går også andre vegen, slik at dei som har nytte av eit vegprosjekt, skal betale bompengar. Det er trafikk til/frå kommunane Snillfjord, Hitra og Frøya og mot Trondheim som i hovudsak vil ha nytte av utbygginga på fv 714, og det vil også vere denne trafikken som må betale bompengar. Ut frå dette bør den foreslalte plasseringa av bomstasjonane kunne leggjast til grunn.

Sidan fleire av prosjekta som inngår i trinn 1, er fullførte eller i sluttfasen, vil det vere vanskeleg å endre på omfanget av utbygginga ved eventuell kostnadsauke og/eller reduserte inntekter. Det blir derfor lagt til grunn at kostnadsauke, ut over prisstigning, på inntil 10 pst. skal dekkast med fylkeskommunale midlar og bompengar etter same prosentvise fordeling som i den samla finansieringsplanen. Eventuelle overskridingar ut over 10 pst. er fylkeskommunen sitt ansvar og skal dekkast med fylkeskommunale midlar.

Dersom økonomien i prosjektet blir svakare enn rekna med, kan bompengeselskapet etter avtale med Vegdirektoratet auke takstane med inntil 20 pst. ut over prisstigninga og forlenge innkrevingsperioden med inntil 5 år.

I forslaget til finansieringsplan er det lagt til grunn at bompengeselskapet vil ta opp lån for å kunne framskunde utbygginga. Elles er finansieringsplanen basert på følgjande basisføresetnader:

- Lånerente: 6,5 pst.
- Innskotsrente: 2 pst.
- Årleg prisstigning: 2,5 pst.
- Årlege innkrevingskostnader: 5 mill. kr (summen for begge bomstasjonane).

Med desse føresetnadene er innkrevingsperioden knytt til finansiering av prosjekta i trinn 1 rekna til omlag 10 år. Om det skulle vise seg at bompengetakstane er vesentleg høgare enn naudsynt for å nedbetale lån som føresett, bør Statens vegvesen ta initiativ til ei vurdering av om lån bør betalast ned raskare eller om takstane bør reduserast. Ei slik vurdering må leggast fram for lokale styremakter.

Med det foreslalte innkrevingsopplegget og dei føresetnadene som elles er lagt til grunn, er

det rekna med at trafikantane vil betale om lag 460 mill. kr i bompengar. Av dei innbetalte bompengane vil om lag 340 mill. kr gå til investeringar, om lag 70 mill. kr til å dekke finansieringskostnader og om lag 50 mill. kr til innkrevjing og drift av bompengeselskapet.

Det er også rekna på eit pessimistisk alternativ med følgjande endra føresetnadene:

- Kostnadene på attståande utbygging aukar med 10 pst.
- Årleg trafikkvekst blir redusert til 0,4 pst.
- ÅDT i opningsåret blir redusert med 10 pst.
- Lånerente på 8 pst. i heile perioden
- Takstauke på 20 pst.

Med desse føresetnadene er innkrevjingsperioden rekna til om lag 12 år, dvs. ein auke på om lag 2 år ut over basisalternativet.

6 Garanti

Fylkestinget i Sør-Trøndelag har fatta vedtak om å stille lånegaranti med sjølvskuldnarkausjon på inntil 385 mill. 2009-kr for tiltak og prosjekt på fv 714 mellom Stokkhaugen i Orkdal kommune og Sunde i Snillfjord kommune i Sør-Trøndelag.

Den fylkeskommunale garantien må godkjennast av Kommunal- og regionaldepartementet. Kommunal- og regionaldepartementets si førehandsvurdering er at fylkeskommunen sin garanti kan godkjennast. Kommunal- og regionaldepartementet vil ta endeleg stilling til godkjenning av garantivedtaket etter at Stortinget har behandla saka. Garantisten sine utlegg kan dekkast gjennom ein auke av realtakstane med inntil 20 pst. og ei forlenging av bompengeperioden med inntil 5 år.

7 Samferdselsdepartementet si vurdering

Fv 714 mellom Stokkhaugen i Orkdal kommune og Sunde i Snillfjord kommune har låg standard, og strekninga er overrepresentert med utforkøyringar samanlikna med andre fylkesvegar i Sør-Trøndelag. Strekninga er viktig for næringsutviklinga i regionen. Samferdselsdepartementet tilrår derfor det føreslalte opplegget for delvis bompengefinansiering av prioriterte prosjekt og tiltak på fv 714 i Orkdal og Snillfjord kommunar. Handsaming av utbygginga i to trinn vil gi eit betre grunnlag for å ta stilling til korleis finansieringa av dei attståande prosjekta skal handterast. Departementet viser i den samanhengen til at kryssinga av Åstfjorden er venta å utgjere om lag halve utbyggingskostnaden, og vil derfor vere avgjerande for økonomien i prosjektet.

Samferdselsdepartementet vil komme tilbake til Stortinget med ei sak om vidare utbygging av fv 714 mellom Stokkhaugen og Sunde når nødvendige avklaringar ligg føre.

8 Avtale

Etter at Stortinget har gjort vedtak om delvis bompengefinansiering av prosjekt og tiltak på fv 714 Stokkhaugen – Sunde i Sør-Trøndelag, trinn 1, vil det bli inngått avtale mellom Vegdirektoratet og bompengeselskapet i tråd med gjeldande standartavtale og dei føresetnadane som er lagt til grunn i denne proposisjonen.

Samferdselsdepartementet
tilrår:

At Dykkar Majestet godkjener og skriv under et framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om Finansiering av prosjekt og tiltak på fv 714 Stokkhaugen – Sunde i Sør-Trøndelag, trinn 1.

VI HARALD, Noregs konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjøre vedtak om finansiering av prosjekt og tiltak på fv 714 Stokkhaugen – Sunde i Sør-Trøndelag, trinn 1 i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om Finansiering av prosjekt og tiltak på fv 714 Stokkhaugen – Sunde i Sør-Trøndelag, trinn 1

Stortinget samtykkjer i at:

1. Bompengeselskapet får løyve til å ta opp lån og krevje inn bompengar til delvis bompengefinansiering av prosjekt og tiltak på fv 714 Stokkhaugen – Sunde i Sør-Trøndelag etter vilkåra i denne proposisjonen.
 2. Samferdselsdepartementet får fullmakt til å inngå avtale med bompengeselskapet og fastsetje nærmere reglar for finansieringsordninga.
-
-